Tidsskriftet Tidsskrift for Den norske legeforening

# Hjarteinfarkt hos unge pasientar

ARTIKKEL

VIK-MO H

MELBERG T

BARVIK S

Sammendrag

Verdien av koronar angiografi etter hjarteinfarkt hos uselekterte pasientar er omdiskutert. Denne studien omfattar 131påfylgjande unge pasientar(< 50 år) som fekk utført koronar angiografi etter sitt første hjarteinfarkt.

Det var 71 pasientar som hadde angina pectoris (54%), 11 hadde stum iskemi (9%) og 49 pasientar (37%) hadde korkjeangina pectoris eller myokardiskemi ved arbeids-EKG. Ved koronar angiografi vart det funne signifikant stenose ikoronararterie hos 119 pasientar (91%). Pasientar med angina pectoris eller stum iskemi hadde oftare sjukdom i fleirekoronararteriar (58% versus 25%, $p < 0,01$), sjukdom med høg angiografisk risiko (60% versus 33%, $p < 0,01$), ogfleire trong revaskularisering (91% versus 57%, $p < 0,01$) enn dei andre. Likevel hadde ein stor del av pasientaneutan symptom og funn ved arbeids-EKG alvorleg sjukdom og trong revaskularisering.

Hos unge pasientar som har hatt hjarteinfarkt, vil symptom og funn ved arbeids-EKG identifisere ei gruppe pasientarmed meir alvorleg koronar hjartesjukdom, og der fleire pasientar treng revaskularisering enn dei andre pasientane. Menden diagnostiske presisjonen er liten, og utan koronar angiografi kan mange unge pasientar med høg risiko og trong tilrevaskularisering bli oversette.

Publisert: 20. juni 1997. Tidsskr Nor Legeforen.
© Tidsskrift for Den norske legeforening 2026. Lastet ned fra tidsskriftet.no 9. september 2026.